

GROVEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Groven ligg i Nordherad, vest for Vetleseter. Namnet er og skrivi Kulgraven og Kolgroven. Det kjem av at det var brend kol der, det er funne kol i jorda nørdest på jordet. Husa skal ha stått lenger nord på jordet, stugu vart flytta av Ivar Vetlesæter i 1884. Ein takås viser Anno 1716, men det kan vera at stugu er flytta frå annan stad. I 1800 er nemnd at ryddinga av plassen begynte for noko over 20 år sidan. Peder Rasmussen 1744-1832 var i 1801 nemnd som husmann og skomaker. Peder var frå oppigard Visdal, og i 1792 selde han saman med brødrene sine Visdal til broren Nils. Peder er i folketellinga nemnd under Mo, og han hadde husmannsseddel utstedt av John Mo som meinte å eige plassen p.g.a. hevd. I 1809 døydde ein Knut Kolgraaven 57 år gammal. Kven dette var er uvisst, men ein spekulasjon er at dette kan vera Knut Johannessen Mo f. ca. 1749. Viss han var den fyrste i Groven kan dette forklare tilknytninga til Mo.

Soldat Peder Rasmussen 1744-1832 vart i 1782 gift med Ane Olsdotter (Sønsteng?) 1747-1832. Peder og Ane hadde barna Imbjør 1781-1855, gift 1812 med Tord Siverson, i 1818 budde dei i Groven, barna var

Anne Thorsdotter 1815-1817

Anne Thorsdotter 1818-1870

Kari 1785-1870, gift 1815 med Jon Jacobsen Stafsen 1783-1850

Anne f. 1789

Rasmus 1790-1857, neste brukar

Rasmus Pedersen fekk i 1813 bygsel frå fogden, og ved dom i høgsterett i 1824 vart denne oppretthalde. Påstanden frå Johannes Mo om eigedomsrett på plassen vart dermed ikkje godteke. Rasmus Pedersen vart i 1818 gift med Anne Amundsdotter Lillesæter 1796-1860, dei hadde sonen

Peder 1817-1881, neste brukar

Peder Rasmussen fekk feste på Kulgraven i 1862. Han vart i 1853 gift med Marit Hansdotter Lyeneie (Flatmoen)1821-1868, dei hadde barna

Rasmus 1847-1851

Kari f. 1850, gift med Jakob Grovdalen f. 1859, dei reiste til Amerika (Colorado)

Rasmus 1854-1922, neste brukar

Hans f. 1856, til USA i 1882, arbeidde i gruvene i Colorado

Anne f. 1859, døydde som lita

John f. 1865, døvstum, budde i Oslo

Ole, f. ca. 1867, til St. Olaf i Dakota i 1888, arbeidde i gruvene i Colorado, forsvann og familien høyrde ikkje meir til han

Rasmus reiste til Amerika i 1885, men kom att etter 4-5 år. I 1883 fekk han feste på Kulgroven i Nordherad Statsalmenning, og i 1916 fekk han kongeskjøte på gnr. 77 bnr. 1 Kolgroven for kr 800,-.

Rasmus Pedersen vart i 1882 gift med Brit Hansdotter Bondesons plass 1862-1933, ho var dotter til Hans Bondestugu og Gunhild f. Bakken. Rasmus og Brit fekk barna

Marit f. 1883, kam att frå Amerika, vart gift på Fron

Hans f. 1885, arbeidde i gruvene i Colorado, men kom heim att da mora vart einsleg flytte i 1930 til Slettmo.

Gunhild f. 1892, døydde i Amerika

Anne 1896-1952

Inger f. 1899, gift med Anders Bakken som dreiv snikkerverksted, dei overtok Slettmo i Vågåmo i 1928.

Ole f. 1902, gift med Sigrid frå Eggedal, kom til Midtli som lærar i 1938, seinare på Tessand og Vågåmo, Både han og Marit Nygjerdet hadde skule i Groven ford eine skulerommet på Midtli var brukt til bustad.

John f. 1904, arbeidde i politiet, til slutt på Lillehammer

Hans Groven fekk i 1926 skjøte på Groven frå Rasmus Grovens enkje for kr 5000,-, men alt i 1930 flytte han til Slettmo. Det var systera Anne og hennar mann Johannes Runningen 1892-1982 som overtok, men skjøte er ikkje skrivi før i 1936. Anne og Johannes budde i Ulsbustugu før dei flytte til Groven, og dreiv seinare båe bruka. Dei hadde barna

Ragnhild f. 1915, neste brukar

Bjarne f. 1922, gift med Marie Visdal n. Valde

Kari f. 1924, gift med Jens Skogstad

Ragna f. 1927, gift med Pål Stokstad

Astrid f. 1930, gift med Sigurd Hølmo

Ragnhild vart i 1940 gift med Jo Aabakken 1906-1976, dei overtok Groven i 1964. Dei hadde barna

Ola f. 1940, gift med Ragnhild Kleiven

Jon f. 1942, gift med Marta Lid

Anne f. 1943, gift med Helge Hovden 1943-1981

Leif f. 1947, gift med Alfhild Wangestad

Erling f. 1949, gift med Solveig Elisabeth Stemme

Alle syskjena overtok Groven saman i 1994.

I 1875 var det i Groven 2 kyr, 6 sauer og 3 geit, medan det vart sådd $\frac{3}{4}$ tønne bygg og 1 $\frac{1}{2}$ tønne poteter. Ti år før var det hest i Groven også.

Kjelder: Norsk Gardsbruk 1953 – 1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 158, 163

M.Lyng/G.Tank 1801/1923:

Beskrivelse usolgte almenninger .., s. 77, 160

Panteregeister/grunnbok

Folketelleing 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Ragnhild Aabakken: munnleg fortald